



venstre

MILJØ, SMÅBEDRIFTER, SOSIALT ANSVAR OG SKULE

5. kandidat

Marta Kvikne

Eg er 44 år og har engasjert meg i lokalpolitikken sidan 1991. Eg vart då vald til 1. vara til kommunestyret før eg vart fast medlem i 1995 – 1999.

I 1999 vart eg vald inn som 2. vara til fylkestinget, men vart tidleg fast representant og medlem av

Hovudutval for Regional utvikling.

Det siste halve året var eg leiar av Hovudutval for kultur. Dei siste åra har eg vore sekretær for Venstre si fylkestingsgruppe.

Ei sak som var særskild viktig i mi tid i fylkestinget var å oppretthalda drifta av Sognebåten også etter opninga av Lærdalstunnelen. Venstre var mot å leggja ned Sognebåten og me klarde å få gjennomslag for vårt syn. Båten vart redda, og som de veit går den enno. Det me no må kjempa for er at ved utskifting av båtane, må ein nytta ny og meir miljøvenleg teknologi.



Andre saker eg er spesielt oppteken av:

- Arbeida for auka løyvingar til rassikring.
- At det vert gjeve skattefritak for gåver til kulturelle formål slik det er for gåver til frivillige organisasjonar.
- At nyetablerarar får den støtte og rådgjeving dei treng i sitt arbeid med å skapa arbeidsplassar.
- At kommunar med lang og lite brukt sjølinje får større fridom til å byggja innanfor 100 – metersbeltet.

Godt val!

Stem på Venstre!